

## Referat frå eigarmøte til Invest in Bergen og Etablerersenteret

**Dato:** 2.mars 2020 kl. 12:00-14:00. Enkel lunsj vert servert i møte.

**Sted:** Møterom Fylkesutvalsalen, 4.etg. Sandslihaugen 30, 5254 Sandsl

**Møteleiar:** Bård Sandal

**Referent:** Tonje Marie Solsvik

Velkommen ved Tor Andre Ljosland, utvalsliaar for hovudutval for næring, naturressurs og innovasjon.  
Kort presentasjonsrunde av dei frammøtte. Deltakarliste vedlagt.

Bård Sandal orienterar kort om dei to programma Invest in Bergen og Etablerersenteret og historikken.

### Slik skal vi vidareutvikle næringslivet i Vestland

Tor André Ljosland, leiar hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon i Vestland

- Sjå vedlagt presentasjon.
- Tilgang på rett kompetanse er viktig, det blir færre i arbeidsfør alder i distrikta.
- Fylket stillar ikkje krav til teknologi, men nullutslepp. Dette stimulerer næringslivet til å tenke kreativt.
- Det fylket som har høgast del på yrkesfag.
- Betydeleg investeringar i årene som kjem på vidaregåande skule. Skal byggast fleire nye vidaregåande skuler.
- Fylket har stort fokus på fornybar, havet og reiseliv.
- Fylkeskommunen si rolle er å vere ein samfunnsutviklar og ikkje stå i vegen for kommunane.
- Politiske plattform har fokus på omstilling, grøne skifte og miljø. I kvar einaste politiske sak har man ein setning kor det skal stå korleis påverknad det har for klima og miljø.

### Gjennomgang av aktivitetar 2019, og planer for 2020

Tone Hartvedt og Vidar Totland, Invest in Bergen

- Invest in Norway er definert som ein del av eksportstrategien til regjeringa.
- Målet er å få fleire bedrifter til å etablerer seg i vår region og mottak av delegasjonar.
- Kort om Invest in Bergen og kven dei er: Tone Hartvedt, Vidar Totland, Benjamin Steele og Tore Mong.
- Invest in Bergen samarbeide òg med klyngene, men dette samarbeidet kan bli betre.
- Dei fleste leads kjem frå Invest in Norway. Viktig for Invest in Norway å satse på større etableringer, får mange henvendinger frå kraftkrevjande industri og marin næring.
- Arbeid i 2019 og framover i 2020 er å jobbe med større industrielle nasjonale og internasjonale satsinger, og med mindre internasjonale bedrifter.
- Samarbeidet med Mongstad Industrial Park har vert viktig. Mongstad Industrial Park er eit stort og viktig næringsareal som får internasjonal merksemld.
- GreenByte er samarbeidet mellom Vestland, BKK og Invest in Bergen for å få lokalisert datasentre til regionen. Fylkeskommunen har stilt pengar til disposisjon.
- 12 datasenterlokasjonar er identifisert i ny mogelegheitsstudie.
- Regionen har fleire større næringsareal for andre marknadar, mellom anna for mogeleg hydrogenproduksjon. Arbeid med store næringsareal er eit av områda Invest in Bergen kjem til å jobbe meir med i 2020.

- Har saman med ei rekke gode samarbeidspartnarar i Vestland og Rogaland vore pådrivarar for å få til ny mørk fiber mellom Norge og UK: NO-UK. BKK og Vestland fylkeskommune har vore gode samarbeidspartnarar.
- I 2019 tok Invest in Bergen ein avgjersle på å vere meir aktiv og til stades på ulike messar og konferansar. Må evaluere å sjå om det er andre stadar ein bør vere til stades på.
- Innhaldsmarknadsføring og sosiale media. Nyheitsbrevet kjem ut ein gong i månaden. Gode tilbakemeldingar frå Innovasjon Norge internasjonalt på nyheitsbrevet..
- Arbeidet med Visningssenteret Ocean Innovation Showroom kjem til å fortsette i 2020.
- Delegasjonar. Det må diskuterast om vi skal prøve å få meir målretta delegasjonar til regionen eller fortsette slik vi gjer.
- Kort om økonomi. Har brukt litt av BRB-fondet og driftsfondet.

### Årsrapport Invest in Bergen 2019

Fylkeskommunen finansierer halvparten av drifta. Fylkesdirektør Bård Sandal sa at fylkeskommunen er svært nøgd med arbeidet som vert gjort. Årlege innbetalte midlar frå kommunane og fylkeskommunen som ikkje vert brukt, vert overført til fondskonto. Dette gjer handlingsrom dersom spesielle ting som vert ønskja frå eigarane eller andre.

- Eigarane og eigargruppa tek årsmelding til etterretning. Ein ber styringsgruppa sjå på strategisk bruk av fondet.

### Ny programperiode

Invest in Bergen vert etablert som eit fireårig program frå 2017 til 2020, finansiert av Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og 21 andre kommunar i Bergensregionen. Det er ønskjeleg å fornye programperioden frå 2021 til og med 2024. Vedlagt forslag til prosess for ny programperiode.

- Eigarmøte for Invest in Bergen ber administrasjonen om å tilskrive eigarane med ein skisse for ein ny programperiode og at denne sendast ut så tidleg som mogleg. Prosessforslaget tas til etterretning.

### Mandat Invest in Bergen

Ljosland fremma forslag om å utvide styringsgruppa til 7-9, slik at ein kan få med ein som oppnemnes av fylkestinget. Fylkeskommunen vert då representert med to medlemmer i styringsgruppa.

Eigargruppa ber styringsgruppa sjå på mandatet før kommande val, og legger dette fram for eigarmøtet før utgangen av inneverande styringsgruppeperiode.

### Val av representantar til styringsgruppe Invest in Bergen

Vestland fylkeskommune ønskjer to medlemmar i styringsgruppa. Eigarmøtet oppmoda fylkestinget om å ha kjønnsbalanse inn i styringsgruppa.

Det framlagde forslaget styringsgruppe ble vedteke, og at det vert vald ein ny representant frå fylkestinget, i møtet 3. mars. Sigbjørn Framnes ble vald med Jana Middelfart Hoff som vara. Vedlagt oversikt over medlemmar i styringsgruppa.

### Årsmelding Etablerersenteret 2019, handlingsplan 2020, inkl. økonomi

Kathrin Jakobsen orienterer om Etablerersenteret si organisering og korleis de arbeidar med dei som ønskjer å etablere bedrift.

- Tilbod på både norsk og engelsk.
- Krav om at ein må gjennomføre kurs for å nytte seg av tilbod om rettleiingssamtale.
- Grunnen til at rekneskap er mindre enn budsjett, kan vere periodisering og at ein har budsjettert med mindre kostnadars.
- Det er laga nye kursprogram for 2020.

- Kursa går primært i Bergen, men Etablerersenteret kjem ut til kommunane dersom det er meir enn 10 deltakarar.

Eigarane og eigargruppa tar til etterretning om godkjenning av årsmelding.

#### Orientering om VKE – Vestland sin koordinerte entreprenørskapsreise

Mette Nora Sætre og Kathrin Jakobsen orienterte kort om forprosjektet, Vestland sin koordinerte entreprenørskapsreise.

- I regionen har vi fleire gode hjelparar, blant anna Etablerersenteret, klynger, næringshagar, fylkeskommunen, kommunen, inkubatorar etc.
- Vanskeleg å finne fram for dei som ønskjer å etablere bedrift.
- Uavhengig av kor du sitt skal du få tilgong til god hjelp.
- Eit verktøy for både dei som ønskjer å starte bedrift og dei gode hjelparane.
- Lik moglegheit for alle og like nært for alle. Ein går inn i ein digital plattform og blir kopla mot dei rette hjelparane.
- Innspel i prosessen visar at det er eit behov for å samordne og koordinere tenesta knytt til etablerarhjelp.
- Rekrutteringsmodul: her ønskjer ein å hente inn entreprenørane
- Mottaksmodul: Her kan ein registrere seg og raskt få tildelt ein fagleg rådgivar som følgjer entreprenøren gjennom prosessen og koplar på faglege rådgjevarar.
- Fått positive tilbakemeldingar frå aktørar i miljøa i heile Vestland.
- Fylkeskommunen og kommunane må i lag sørge for at eit slikt tilbod er tilgjengeleg.
- Prosjektet er i startfasen.
- Vestland fylke ønskjer å gjøre dette tilgjengeleg for alle som ønskjer å få til noko i det nye fylket. Dei 43 kommunane i nye Vestland vil få dette som ein del av verktøykassa si.
- Kommunane kan her vere ein viktig koordinator og ein første dør inn.
- Fylkeskommunen kjem tilbake med eit forslag til rammeverk for ordninga som no kjem ut på anbod.

**Vedlegg: Deltakarliste**

Tobby Sander	Tomassen	Dagleg leiar	Osterøy Utvikling
Paul Ludwig	Evers	Rådgjevar	Etablerersenteret
Siv	Høgtun	Ordførar	Askøy kommune
Tor Andre	Ljosland	Leiar hovudutvalet	Vestland fylkeskommune
Trine	Lindborg	Ordførar	Bjørnafjorden kommune
Hege	Eide Vik	Ordførar	Vaksdal kommune
Atle	Fasteland	Kommunedirektør	Vaksdal kommune
Kjetil	Eikefet	Ordførar	Modalen kommune
Ove	Vonheim	Seniorrådgjevar	Askøy kommune
Atle	Dåvøy	Varaordførar	Øygarden kommune
Tonje	Solsvik	Rådgjevar	Vestland fylkeskommune
Tone	Hartvedt		Invest in Bergen
Vidar	Totland		Invest in Bergen
Benjamin	Steele		Invest in Bergen
Mette Nora	Sætre	Seksjonssjef	Vestland fylkeskommune
Kathrin	Jakobsen	Seksjonssjef	Vestland fylkeskommune
Bård	Sandal	Fylkesdirektør	Vestland fylkeskommune
Sara	Sekkingstad	Ordførar	Alver kommune
Karstein	Totland	Ordførar	Masfjorden kommune
Elin	Bryn Thorsen	Næringssjef	Bjørnafjorden kommune
Elin	Sjødin Drange	Næringssjef	Bergen kommune
Erlend	Horn	Byråd	Bergen kommune
Stian	Herøy	Ordførar	Fedje kommune